



**Voss Skyttarlag og Hardanger og Voss Skyttarsamlag vil med dette få ynskja alle skyttarar i Hordaland og Sogn og Fjordane til Vestlandsstemna som skal arrangerast på Voss helga 4. - 6. juli 2008.**

Innleiande Grovfeltskyting og stangskyting vil bli arrangert i feltområdet i Brandsetdalen. Oppmøte ved "igloar" i enden av Brandsetvegen.

Innleiande Finfeltskyting og stang vil bli arrangert på Bømoen. Oppmøte skytebana.

Innleiande baneskyting, samlagsskyting og alle finalar vil bli arrangert på banen til Voss skyttarlag på Skjerve. Avstanden mellom grovfelt og skytebana er om lag 40 km. All innleiande skyting vil vere avvikla i løpet av fredag og laurdag slik at sundagen blir brukt kun til finaleskyting.

Det vil bli omlag 4 timar mellom kvar skyting (bane/felt) for den enkelte skyttar. Arrangørlaga skyt bane torsdag 3. juli og felt fredag 4. juli.

#### **Program:**

Feltskyting, 1 - 5, V55 og AG3: 5 x 6 skot på ukjende avstandar. Stangskyting.

Feltskyting, rekr./eldre rekr./jun., V65 og V73: 5 x 6 skot på 100 m.

Stangskyting for alle klasser (valfri deltaking)

Baneskyting, 1 - 5, V55 og AG3: 25 skot på 200 m. Elektroniske skiver.

Baneskyting, rekr./eldre rekr./junior, V65 og V73: 25 skot på 100 m. Elektroniske skiver

Meisterskapsomgang bane og felt 2x6 skot etter gjeldande reglar.

Samlagsskyting for kl. 3-5, veteranar og rekrutt/junior. (Kun bane) Maks 2 lag pr. samlag.

#### **Påmelding lagvis:**

Til Vestlandsstemnet 2008, Almelandsvegen 31, 5710 SKULESTADMO,

på vedlagde skjema poststempla seinast onsdag 4. juni, eller til e-post: [voss@skytterlag.no](mailto:voss@skytterlag.no)

Påmeldingsskjema kan og lastast ned frå <http://voss.skytterlag.no>

Hugs å merka av for linksskyttarar og om nokon av rekruttskyttarane nyttar 22 cal.

Påmelding av lag til samlagskyting: På Skjerve innan laurdag kl.15.00.

#### **Innskot:**

*Baneskyting*, 1 - 5, V55, V65, V73 og AG3: kr. **200,-** (Arr.avg. kr. 100,-/Premiar kr. 100,-).

*Baneskyting*, rekr./eldre rekr./junior: kr. **120,-** (Arr.avg. kr. 60,-/Premiar kr. 60,-).

*Feltskyting*, 1 - 5, V55 og AG3: kr. **170,-** (Arr.avg. kr. 95,-(buss 20,-)/Premiar kr. 75,-)

*Feltskyting*, V65, V73: kr. **150,-** (Arr.avg. kr. 75,-/Premiar kr 75,-)

*Feltskyting*, rekr./eldre rekr./junior: kr. **100,-** (Arr.avg. kr. 50,-/Premiar kr. 50,-).

Stangskyting kr. **40,-** (inga førehandspåmelding).

Samlagskyting kr. **100,-** pr. lag (betaling ved påmelding).

**Arrangementsavgifta** skal innbetalast til bankkonto 9581.10.35123 (Vestlandsstemnet) for begge disiplinlar ved påmelding. Påmeldinga vil ikkje bli registrert før påmeldingsavgifta er innbetalt. Premieavgifta betalast ved frammøte. Ikkje påmelde skyttarar kan få skyte på ledig plass og må betale full stemneavgift.

#### **Premiering:**

Etter Vestlandsstemnet sine statuttar. Medaljar/stjerner på mesterskap. Gåvepremiar og pengepremiar på 15 skot og 10 skot i alle klassar. Dette er nytt frå i år.

Gåvepremiar og pengepremiar på 30 skot felt. Likeeins på stangskyting alle klassar.

Vonar at alle deltakande lag stiller med ein gåvepremie til bane og ein til felt

**Innkvartering/overnatting og annan informasjon:** Sjå <http://voss.skytterlag.no>

**Skytetider og resultat:** Vert sendt på e-post til laga og lagt ut på <http://voss.skytterlag.no>

**Vel møtt til Vestlandsstemna på VOSS.**

**Voss Skyttarlag**

John Almeland

Tlf. 918 47 655

[voss@skytterlag.no](mailto:voss@skytterlag.no)

**Hardanger og Voss Skyttarsamlag**

Jostein Bjørke

Tlf. 911 11 213

[hardanger-voss@samlag.no](mailto:hardanger-voss@samlag.no)